

**Plan for forvaltningsrevisjon**

***SANDØY KOMMUNE***

April 2013

**Plan forvaltningsrevisjon  
Sandøy kommune**

---

---

## INNHOLD

1.	Innleiing.....	4
1.1	Bakgrunn.....	4
1.2	Lovheimel .....	4
1.3	«Risiko- og vesentlighetsvurderinger» .....	4
2.	Overordna analyse Sandøy kommune .....	6
2.1	Innleiing .....	6
2.2	Om Sandøy kommune.....	7
3.	Tenesteområde .....	9
3.1.1	Innleiing.....	9
3.1.2	Kommuneleiing, stab og interne tenester .....	10
3.1.3	Undervisningstenester .....	12
3.1.4	Barnehagetenester.....	13
3.1.5	Helse og omsorg .....	14
3.1.6	Sosiale tenester .....	15
3.1.7	Kultur.....	16
3.1.8	Teknisk sektor.....	17
4.	Prioritering av forvaltningsrevisjons-prosjekt i perioden 2012-2016.....	19
5.	Vidare oppfølging .....	20
5.1	Handsaming .....	20
5.2	Oppfølging i etterkant .....	20
5.3	Rullering/oppdateringa av planen .....	20
6.	VEDLEGG .....	21

# **1. INNLEIING**

## **1.1 Bakgrunn**

Etter *Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar* skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Det er eit krav at planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv, men kommunestyret kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.<sup>1</sup> Kommunestyret kan og pålegge kontrollutvalet å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt utanom prioriteringane i planen.

Ved utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon skal det ligge føre ei overordna analyse av kommunen sin verksemd basert på «risiko- og vesentlighetsvurderinger».

Den planen kommunestyret no vedtek vil gjelde for inneverande kommunestyreperiode fram til ny plan ligg føre, seinast 31.12.2016.

## **1.2 Lovheimel**

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve for kommunen. Forvaltningsrevisjon er heimla både i Kommunelova, Forskrift om kontrollutval og Forskrift om revisjon.

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 77 nr. 4 sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon. I dette ligg at kontrollutvalet har ei «bestillar-rolle» i samband med forvaltningsrevisjon. Forskrift om kontrollutval §§ 9-12 gir nærmere reglar om gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Her blir m.a. krav om at det skal utarbeidast Plan for forvaltningsrevisjon for kvar kommunestyreperiode slått fast. I tillegg er temaet nemnt i Forskrift om revisjon, der det m.a. og er ein definisjon av kva ein forvaltningsrevisjon er og skal innehalde.<sup>2</sup>

## **1.3 «Risiko- og vesentlighetsvurderinger»**

Bakgrunnen for forskriftera sitt krav om at planen skal byggje på ei overordna analyse ut frå «risiko- og vesentlighetsvurderinger», er å gi informasjon om eventuelle områder der det er avdekka risiko for vesentlege avvik i høve til dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for kommunen. Målsettingar og risikovurderingar heng difor nøyne sammen. Risikovurderinga vil bestå i å identifisere relevante truslar i forhold til å oppnå målsettingane til kommunen. Risiko betyr altså at det ligg føre ein mulighet for at målsettingar ikkje vert oppfylt. Det skal også takast omsyn til kommunen sin eigen internkontroll, som skal avdekke og motverke risiko.

Risiko kan skuldast både interne og eksterne forhold. Eksempel på eksterne forhold kan vere lovgjeving, endring i kommunens økonomi etc. Interne faktorar kan være samanbrot i IT-system, endringar i leiinga som påverkar måten enkelte kontrollrutinar blir utført på, rekrutteringsproblem, omorganiseringar etc.

---

<sup>1</sup> Kontrollutvalet handlar på vegne av kommunestyret, og er berre underlagt dette. Dette skuldast at kontrollutvalet sitt tilsynsansvar omfattar alle kommunale utval unntatt kommunestyret. Det er difor berre kommunestyret som kan fatte vedtak som er bindande for kontrollutvalet.

<sup>2</sup> Sjå eige vedlegg 1 med utdrag av lovtekster

Kontrollutvalet gjer si prioritering av aktuelle prosjekt ut frå ei samla «risiko- og vesentlighetsvurdering» sett opp mot overordna analyse, og legg innstilling fram for kommunestyret.

## **2. OVERORDNA ANALYSE SANDØY KOMMUNE**

### **2.1 Innleiing**

Siktemålet med overordna analyse er å få fram relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike sektorar og einingar. Ut frå dette er målet at ein skal kunne prioritere dei beste og mest aktuelle prosjekta.

Målsettinga med overordna analyse er å avdekke avvik eller svakheiter i forvaltninga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Eit viktig element i analysen er å avdekke stader det kan være risiko for vesentlege avvik i høve til dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda, også når det gjeld produktivitet og økonomi. Analysen skal identifisere hendingar som kan vere ein trussel mot at kommunen når sine mål, ved å avdekke kor det er mest sannsynleg at det kan oppstå avvik, og kor konsekvensane er størst dersom avvik skjer.

Viktige dokument for arbeid med overordna analyse som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon er:

- Økonomiplan
- Kommuneplan
- KOSTRA
- Reglement
- Årsmelding

Vi har og valt å gjennomføre ei spørjeundersøking blant ordførar, formannskap, gruppeleiarar i kommunestyret, kontrollutval og administrativ leiing<sup>3</sup>.

I tillegg vil den kunnskap kontrollutval, sekretariat og revisor har, alltid vere eit viktig supplement i analysearbeidet.

Eksempel på risiko kan vere:

- Risiko for at kvaliteten på ei teneste ikkje er god nok
- Risiko for at kommunen ikkje tilfredstiller lovpålagde krav
- Risiko for at ressursane ikkje vert godt utnytta
- Risiko for at kommunen ikkje oppfyller mål fastsett av kommunestyret
- Risiko for at økonomistyringa ikkje er god nok

Ved vurdering av kva som er vesentleg kan det vere nyttig å ta i bruk ulike perspektiv:

- Brukarperspektiv
- Politisk perspektiv
- Samfunnsperspektiv
- Økonomisk perspektiv
- Medarbeidarane sitt perspektiv
- Omdømeperspektiv

---

<sup>3</sup> Sjå vedlagte spørjeskjema (vedlegg 2)

## 2.2 Om Sandøy kommune

Overordna målsettingar for kommunen går fram av kommuneplanen:

- *Sandøy kommune skal legge til rette for utvikling av det eksisterande næringslivet, og stimulere til etablering av nye og livskraftige arbeidsplassar.*
- *Sandøy kommune skal utvikle gode levevilkår for alle, med særleg fokus på barn og unge. Det førebyggande folkehelsearbeidet skal tilleggast stor vekt.*
- *Sandøy kommune skal sikre gode samferdselstilhøve, stabil tilførsel av straum og vatn og framtidige krav til datakommunikasjon.*
- *Sandøy kommune skal sjølv vere med på å avklare og definere kommunesamfunnet sin plass og si rolle i framtida.*
- *Sandøy kommune skal sikre og utvikle eit mangfaldig kulturliv som kan høgde trivselen og samhallet i lokalsamfunnet. Kommunen skal ivareta kulturlandskapet, kulturminne og kulturmiljø og ein berekraftig natur.*
- *Sandøy kommune skal tryggje og utvikle tenestetilbodet for alle innbyggjarar i kommunen.*
- *Sandøy kommune skal gjennom planlegginga si legge til rette for ei positiv utvikling i folketalet. Kommunen skal forvalte land- og sjøarealet på ein måte som tener næringsutvikling, busetjing, trivsel og oppleveling.*

Desse hovudmåla er ytterlegare konkretisert på delmål, og det går og fram strategiar for å nå desse måla.

KOSTRA<sup>4</sup> syner at netto lånegjeld for kommunen var 80,2 mill. kroner ved utgangen av 2011. Det kan nemnast at ved utgangen av 2006 var lånegjelda 29,4 mill. kroner. Det har med andre ord vore investert ein del dei siste åra sjølv om netto lånegjeld ikkje er veldig høg.

Det har i same periode vore ein liten vekst i innbyggjartalet. Pr. 01.01.2012 var det 1 315 innbyggjarar i kommunen. 01.01.2007 var folketalet 1 276.

KOSTRA-tal syner at netto lånegjeld pr. innbyggjar var kr 60.963 i Sandøy kommune pr. 31.12.11, medan den var kr 57.484 i samanliknbare kommunar (Kostra-gruppe 06)<sup>5</sup>. Tilsvarande tal pr. 31.12.08 var kr 43.570 for Sandøy kommune og kr 46.689 for samanliknbare kommunar. Det har mao vore ein sterkare vekst i gjeld pr. innbyggjar i Sandøy kommune enn i samanliknbare kommunar.

Det er verdt å merke seg at gjennomsnittleg netto driftsresultat dei siste 5 åra har vore 1,76%. Det tilrådde måltalset er på 3% over tid. Det som kanskje er problematisk for Sandøy kommune er at denne indikatoren har svinga mellom 9,9% og – (minus) 7,2% i løpet av denne 5-årsperioden.

Kommunal Rapport ved Ole P. Pedersen har utvikla det såkalla kommunebarometeret. I tabell under går fram karakterar (6 er best, 1 er dårligast) og plassering (i parantes). Tal bak i tid er korrigert for å være mest mogleg samanliknbar med 2012-utgava.

---

<sup>4</sup> Konserntal frå KOSTRA – inneholder kommunale føretak og interkommunale selskap

<sup>5</sup> KOSTRA-gruppe 06 består av 55 stk «Små kommuner med høye bundne kostnader per innbygger, høye frie disponibele inntekter»

I Kommunal Rapport går det fram at: «*Kommunebarometeret er en sammenligning av landets kommuner, basert på til sammen 108 nøkkeltall. Hensikten er å gi beslutningstakere – særlig folkevalgte i kommunestyret – en lettfattelig og tilgjengelig oversikt over hvordan kommunen driver. Tallene er hentet fra Statistisk sentralbyrås Kostra-database..., Utdanningsdirektoratet, Folkehelseinstituttets kommunedatabase og Kommuneproposisjonen 2012. I all hovedsak er det 2011-tall som er brukt.»*

*Tabell 1 Kommunebarometeret Sandøy*

	2012	2011	2010
Plassering	282	155	294
Grunnskole	2.7 (284)	4.0 (140)	2.6 (283)
Pleie og omsorg	2.3 (329)	3.3 (237)	3.7 (199)
Barnevern	4.6 (118)	5.3 (60)	3.5 (235)
Barnehage	1.2 (396)	3.1 (232)	2.9 (274)
Helse	5.5 (33)	5.4 (32)	5.9 (27)
Kultur	5.5 (37)	5.2 (47)	3.9 (110)
Sosialtjeneste	5.1 (76)	2.8 (298)	3.9 (194)
Økonomi	2.8 (250)	4.7 (71)	3.7 (123)
VAR-området	6.0 (11)	5.8 (30)	5.0 (59)
Nærmiljø og klima	2.6 (331)	1.0 (429)	2.9 (271)
Enhetskostn.	2.8 (339)	2.9 (332)	2.9 (325)
Brukpersp.	2.8 (260)	2.8 (253)	2.8 (247)

I det følgjande vil det bli diskutert nokre tema kommunerevisjonen meiner er relevante for gjennomgang ut frå risiko og kor vesentlege dei er.

### 3. TENESTEOMRÅDE


#### 3.1.1 Innleiing

I undersøkinga som er gjennomført vart det stilt følgjande spørsmål: *Kor viktig meiner du det vil vere at det blir sett i gang forvaltningsrevisjon innan følgjande område?* Respondentane vart bedne om å rangere kvart område mellom

- 1 Svært lite viktig
- 2 Lite viktig
- 3 Viktig
- 4 Ganske viktig
- 5 Svært viktig

I figuren under går gjennomsnittet for dei einskilde områda fram:


*Figur 1 Rangering av område i høve til vurdering av behov for forvaltningsrevisjon*



Det området som fekk høgast gjennomsnitt (viktigast med forvaltningsrevisjon) var Undervisningstenester med 4,00. Etter det kom Kultur (bibliotek, kulturskule, idrett mv.) med 3,63 i gjennomsnitt.

### 3.1.2 Kommuneleiing, stab og interne tenester

Figur 2 Rangering i høve til vurdering av behov for forvaltningsrevisjon innan leiing, interne tenester og sektorovergripande områder m.v.?



Mislegheiter av ulik art fekk høgst prioritet med eit gjennomsnitt på 3,75. Vidare vart HMS og Lånegjeld/økonomisk bereevne prioritert som nr. 2, men det var ikkje noko tema som peika seg mykje ut.

Under generelle kommentarar er og dette med handsaming av inngåande korrespondanse nemnt som mogleg tema for forvaltningsrevisjon.

#### SAKSUTGREIINGAR/OPPFØLGING AV VEDTAK

Dersom politiske vedtak ikkje blir følgt opp sett til sides og/eller saker til politisk handsaming ikkje er tilstrekkeleg greidd ut, er dette eit demokratisk problem. Undersøkinga viser at det blir vurdert å vere relativt viktig med forvaltningsrevisjon på dette området sett i høve til andre områder.

Ei enkel tilnærming ved ein eventuell revisjon kunne vere å gå gjennom vedtak for ei gitt periode og sjå korleis alle desse vedtaka er følgt opp.

#### SJUKELØNSREFUSJON

Kommunerevisjonane i fylket har samarbeidd om å lage ein mal for revisjon av sjukelønsrefusjon. Kommunerevisjonen i Romsdal har allereie gjennomført slike prosjekt, og dette har vist seg å vere nyttig.

Erfaringar i andre kommunar viser at dette er eit område der svikt kan gi store økonomiske konsekvensar. Sentrale spørsmål i eit slikt prosjekt kan vere:

- Blir sjukepengar i arbeidsgjevarperioden betalt ut i tråd med regelverket?
- Blir det kravd refusjon for sjukepengar i trygdeperioden i tråd med regelverket?
- Krev kommunen tilbakebetalt feil utbetalte sjukepengar?
- Blir opplysningar knytt til sjukemelding dokumentert og oppbevart i tråd med regelverket?

Etter vår vurdering er det grunn til å vurdere å gjennomføre eit prosjekt med gjennomgang av rutinar og regler for refusjon av sjukepengar frå NAV. For kommunerevisjonen vil det i så fall vere naturlig å gjennomføre prosjektet i fleire eller alle kommunane, og på den måten oppnå «stordriftsfordelar» ved å dra nytte av arbeidet i fleire kommunar.

## INNKJØP

Regelverket om offentlige innkjøp skal sikre at offentlige midlar blir utnytta best mogleg gjennom kostnadseffektive innkjøp, samtidig som offentlig sektor gjennom sine innkjøp bidrar til utvikling av et konkurransedyktig norsk næringsliv. Offentlege innkjøp må skje på ein måte som vekker tillit i omverda. Det er då viktig å følgje prinsippa om likebehandling, føreseielegheit, transparens og konkurranse. Sandøy kommune er med i innkjøps-samarbeidet som er i regi av Ålesund kommune.

Det å sjå nærmare på innkjøp kan i utgangspunktet etter vår vurdering vere godt eigna for forvaltningsrevisjon.

## INTERN STYRING OG KONTROLL

God styring og godt leiarskap er naudsynt for kommunen sin tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltning. Ein føresetnad for god styring er at det er etablert gode rutinar og kontrollaktivitetar på alle nivå. Intern kontroll er eit leiaransvar som er viktig i denne samanheng.

Under generelle kommentarar i undersøkinga er gjennomgang av internkontrollen og/eller organisasjonsstruktur nemnt som moglege tema for forvaltningsrevisjon.

## IKT

Kommunane er i dag heilt avhengige av omfattande IKT-system. Dette medfører risiko av fleire slag. Mellom anna kan det vere risiko for sårbarheit, men det kan også vere risiko for at sikring av sensitive opplysningar ikkje er god nok.

Det har vore eksempel på saker i media for andre kommunar der sensitive opplysningar var tilgjengelege for personar som ikkje skulle ha tilgang. Eit mogleg forslag til forvaltningsrevisjon kan vere å sjå nærmare spesielt på internkontrollen knytt til IKT. Her er det slik at Sandøy kommune har utarbeidd Plan for datatryggleik.

Det skal her leggjast til at Sandøy kommune er ein del av det såkalla «*e-kommune Sunnmøre*»<sup>6</sup> i regi av Sunnmøre regionråd. Eit av tiltaka er her at ein knyt seg til felles datasenter i Ålesund. Dette er eit samarbeid i utvikling, og ny avtale gjeld frå

---

<sup>6</sup> Samarbeid mellom Ålesund, Sula, Giske, Haram, Skodje, Ørskog, Norddal og Sandøy kommuner.

01.01.2013. Eit mogleg revisjonsprosjekt kunne vore evaluering av dette litt seint i perioden eller tidlig i neste periode.

## BRUKARBETALING

Det er ei rekke tenester kommunen leverer, der brukarbetaling skal vere lik eller ikkje overstige sjølvkost. Mellom anna gjeld dette renovasjonstenester, vatn og avløp, feiring, plan- og byggeskakshandsaming og skulefritidsordning.

Vatn, avløp og renovasjon er noko alle husstandar og bedrifter i kommunen betaler avgift for å kunne nytte. Dette er med andre ord ein omfattande sektor, med både høge inntekter og store utgifter. Det faktum at sektoren er sjølvfinansierande kan medføre at det ikkje blir sett nok fokus på den ved m.a. budsjettprosess og budsjetthandsaming.

## LÅNEGJELD/ØKONOMISK BEREJVNE

Kommunerevisjonen har utarbeidd ein omfattande rapport om lånegjeld og økonomisk bereevne for ein av kommunane i distriktet om dette temaet der det m.a. vart gjennomført stresstestar av gjeld mtp. renteutvikling. I undersøkinga vart dette vurdert til å vere eit relativt viktig område for forvaltningsrevisjon.

Det er ikkje lett å etablere gode revisjonskriterium for eit slikt prosjekt slik at det kjem inn under det som er forvaltningsrevisjon. Samstundes er det ikkje tvil om at dette kan vere nyttige prosjekt for politisk og administrativ leiing i dei fleste kommunar.

## SAMHANDLINGSREFORMA

Samhandlingsreforma har store konsekvensar nesten uansett kva perspektiv (brukarperspektiv, økonomisk perspektiv, samfunnsperspektiv, medarbeidarperspektiv) ein nyttar. Målet med reforma er å møte tre hovud-utfordringar:

- Demografisk utvikling og endring i sjukdomsbiletet
- Samhandlinga mellom ulike helsetenestenivå
- Behov for førebygging av sjukdom

Ei rekke tema vil kunne vere aktuelle for forvaltningsrevisjon:


- Kommunal medfinansiering
- Kommunane sitt finansieringsansvar for utskrivingsklare pasientar
- Etablering av lokale tenester, inkludert akutt hjelpe
- Samarbeid mellom kommunar og helseføretak
- Samarbeid med fastlegane
- Større ansvar for førebyggjande helsetenester
- Bruk av IKT

Noko av dette vil først vere aktuelt etter ei viss tid, men mykje er aktuelt allereie. Ut frå omfanget av denne reforma er det difor grunn til å vurdere samhandlingsreforma som aktuelt tema for forvaltningsrevisjon litt seinare i denne perioden.

### 3.1.3 Undervisningstenester

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

*Figur 3 Prioritering moglege revisjonsområde innan Undervisningstenester*



Alternativ	Prosent
1 Kostnadsdekning SFO	25,0 %
2 Kvalitet undervisning	75,0 %
3 Tilpassa opplæring/Spesialundervisning	37,5 %
4 Vaksenopplæringa	0,0 %
5 Skulebygg	0,0 %
6 Skulemiljø	37,5 %
7 Anna	12,5 %

Undervisningstenester vart høgt prioritert i overordna prioritering.


I vår spørjeundersøking vart Kvalitet undervisning høgast prioritert som mogleg tema for forvaltningsrevisjon innan undervisningstenester.

Også Tilpassa opplæring/Spesialundervisning og Skulemiljø vart høgt prioritert. Spesialundervisning er tilbod til ei svak gruppe der det kan gje store konsekvensar om ikkje hjelpe blir sett inn til rett tid. Formålet med eit slikt prosjekt ville kunne vere å kartlegge kommunen sin bruk av midlar til spesialundervisning, og vurdere om kommunen etterlever sentrale deler av regelverket på området.

### 3.1.4 Barnehagetenester

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

*Figur 4 Prioritering moglege revisjonsområde innan Barnehagetenester*



Kommunane fekk frå 2011 ansvaret for å finansiere barnehagane. Omlegginga av finansieringsordninga er krevjande, og det er omfattande beløp det er tale om. Aktuelle spørsmål kan vere om det er kontroll med aktivitet og om utbetalingane er i tråd med regelverk og føresetnader. I Sandøy kommune er dette lite relevant då det ikkje er private barnehagar i kommunen.


Kvalitet på barnehagetenestene fekk høgast prioritet i undersøkinga.

### **3.1.5 Helse og omsorg**

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

*Figur 5 Prioritering moglege revisjonsområde innan Helse- og omsorgstenester*

8. Kva område og tema innan Helse og omsorgstenester meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)




Alternativ	Prosent
1 Heimetenester/omsorgsbustadar	14,3 %
2 Sjukeheimar	14,3 %
3 Handtering vederlag/eigenbetaling	42,9 %
4 Legetenester	28,6 %
5 Helsestasjon og miljøretta helsevern	0,0 %
6 Mattilbod/kjøkken	0,0 %
7 Rehabilitering	14,3 %
8 Medisinhandtering	0,0 %
9 Utskrivingsklare pasientar	14,3 %
10 PPT (ped. psykologisk teneste)	14,3 %
11 Samhandlingsreforma	28,6 %
12 Anna	14,3 %

Handtering av vederlag/eigenbetaling var høgast prioritert innanfor dette området i undersøkinga.

### 3.1.6 Sosiale tenester

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

*Figur 6 Prioritering moglege revisjonsområde innan Sosiale tenester*



Barneverntenesta vart saman med samhandlingsreforma høgst prioritert, men det var ikkje noko område som peika seg mykje ut.

Innan barneverntenesta vurderer kommunerevisjonen det slik at svikt her vil kunne ha negative konsekvensar for ei svak gruppe. KOSTRA viser at Sandøy kommune hadde ei handsamingstid på over 3 månader for 33,3 % av undersøkingane innan barnevern i 2011<sup>7</sup>. For samanliknbare kommunar var dette talet 36,5%. Sandøy kommune var med andre ord litt betre enn gjennomsnittet.

### 3.1.7 Kultur


Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

*Figur 7 Prioritering moglege revisjonsområde innan Kultur*

---

<sup>7</sup> Iflg. Lov om barnevernenester § 6-9 skal ei undersøking etter § 4-3 bli gjennomført snarast og seinast innan tre månader. I særlege tilfelle kan fristen vere seks månader

12. Kva område og innan kultur meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon?  
(Merk av maksimum 2)



Alternativ	Prosent
1 Idrett/idrettsanlegg	42,9 %
2 Bibliotek	0,0 %
3 Kulturminne/kulturvern	0,0 %
4 Ungdomssatsing	57,1 %
5 Kulturskulen	57,1 %
6 Anna	0,0 %

Ungdomssatsing og Kulturskulen vart høgast prioritert i undersøkinga.


KOSTRA-tal syner at netto driftsutgifter i kultursektoren pr. innbyggjar var kr 2 522 i 2011. I samanliknbare kommunar var talet omrent det same; kr 2 552.

Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod til barn og ungdom, pr. innbyggjar 6-18 år i kommunen, var kr 2 442 i Sandøy kommune i 2011, medan talet i samanliknbare kommunar var kr 1 147. Dette seier at kommunen ser ut til å bruke meir på formålet enn samanliknbare kommunar, men det seier ikkje noko om kva som kjem ut av desse midla. Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular, pr innbyggjar 6-15 år var kr 9 423 i 2011, medan det i samanliknbare kommunar var kr 4 294.

### 3.1.8 Teknisk sektor

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

*Figur 8 Prioritering moglege revisjonsområde innan Teknisk tenester*



Alternativ	Prosent
1 Arealplanlegging	28,6 %
2 Handsaming byggjesaker	14,3 %
3 Kart og oppmåling	0,0 %
4 Vedlikehald/opparbeiding veinett	14,3 %
5 Handsaming vatn	0,0 %
6 Handsaming avløp	14,3 %
7 Renovasjon	0,0 %
8 Drift av eigedomar	42,9 %
9 Reinhald	14,3 %
10 Vaktmeistertenesta	0,0 %
11 Landbruk	0,0 %
12 Utgiftsdekning sjølvkost	14,3 %
13 Brannvern	0,0 %
14 Prosjektstyring byggjeprosjekt	0,0 %
15 Anna	14,3 %

Drift av eigedomar peika seg ut som det området som vart høgast prioritert.

KOSTRA viser at netto driftsutgifter til fysisk planlegging (med vidare) per innbyggjar var kr 897 i Sandøy kommune i 2011, og kr 862 i samanliknbare kommunar.

Netto driftsutgifter til byggje-, delesakshandsaming og seksjonering per innbyggjar var kr 490 i Sandøy kommune i 2011, medan utgiftene i samanliknbare kommunar var kr 151 pr. innbyggjar. Vidare var netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbyggjar kr 234. Talet for samanliknbare kommunar var kr 237.

Når det gjeld renovasjon er Sandøy med i ÅRIM, og det vil her vere aktuelt med selskapskontroll jf. eigen sak om dette.

Under generelle kommentarar vart handsaming av byggjesaker i strandsona nemnt som mogleg tema for revisjon.

## **4. PRIORITERING AV FORVALTNINGSREVISJONS- PROSJEKT I PERIODEN 2012-2016**

Sandøy kommune kan i utgangspunktet pårekne 1-2 forvaltningsrevisjonsprosjekt i perioden avhengig av omfang i prosjektet. Vi legg opp til at nokre prosjekt blir gjennomført i fleire kommunar i revisjonsdistriktet (for eksempel IKT Internkontroll og refusjon sjukepengar), og at dette vil vere arbeidssparande.

Revisjonen har under laga eit utkast på nokre aktuelle tema i prioritert rekkjefølgje. Tema og rekkjefølgja er noko det kan vere hensiktsmessig at kontrollutvalet anten tek stilling til i si tilråding til kommunestyret, eller eventuelt ber om fullmakt av kommunestyret til å ta stilling til dersom kommunestyret sjølv ikkje vedtek rekkjefølgja. Det er verdt å merke seg at det i dette heftet er drøfta fleire aktuelle tema som ikkje er sett opp på lista under. Det vil vere opp til kontrollutval og kommunestyre eventuelt å gjere endringar på dette.

Forslag prioritert aktuelle tema:

- 1. Undervisningstenester/spesialundervisning**
- 2. Kvalitet saksutgreiingar/oppfølging av politiske vedtak**

Det er vanleg at Kontrollutvalet får fullmakt til å vedta nærmere prosjektinhald innanfor dei tema som kommunestyret vedtek i planen.

## **5. VIDARE OPPFØLGING**

### **5.1 Handsaming**

I tråd med forskrift om revisjon § 8 skal revisor rapportere fortløpende til kontrollutvalet om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon. Vidare er kontrollutvalet pålagt ansvar for å rapportere til kommunestyret. Med mindre kommunestyret gjer eigne vedtak om når og korleis denne rapporteringa skal skje, er det jf. forskrifta opp til kontrollutvalet å finne hensiktsmessig form og frekvens på dette.

Forvaltningsrevisjonsrapportar i Sandøy kommune blir lagt fram for kontrollutvalet først, og deretter til kommunestyret med innstilling frå kontrollutvalet.

### **5.2 Oppfølging i etterkant**

Forskrift om kontrollutvalg § 12 slår fast at kontrollutvalet også har ansvar for å sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknyting til handsaming av rapporter om forvaltningsrevisjon blir følgt opp, og at dette blir rapportert til kommunestyret. Siktemålet med oppfølginga er jf. kommentarar til forskrifta at det er sentralt av omsyn til å sikre ein ”lærende organisasjon” at resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt blir følgt opp.

Merknader til forskrifta slår difor fast at kontrollutvalet skal sjå til at forvaltninga «iverksetter tiltak» for å rette opp påviste avvik/svakheiter. Det er kommunen sin administrasjonssjef (rådmann) som har ansvar for oppfølginga av kommunestyret sine merknader, jf. kommunelova § 23 nr. 2. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/ svakheiter i det konkrete tilfelte. Dette ansvaret ligg hjå administrasjonssjefen. Kontrollutvalet kan likevel peike på om ein er av den oppfatning at administrasjonssjefen si tilbakemelding ikkje er god nok.

### **5.3 Rullering/oppdateringa av planen**

Jf. Forskrift om kontrollutval kan kontrollutvalet ha mynde til å foreta eventuelle endringar i den vedtekne planen ut frå kva rammer kommunestyret har satt. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å foreta nødvendige endringar i planperioden. Dette er først og fremst aktuelt dersom det skulle dukke opp nye aktuelle tema som ikkje er nemnt og vurdert i planen. I tillegg vil kommunen sine mange utfordringar endre seg over tid, slik at risikoområder med behov for forvaltningsrevisjon også blir endra kontinuerlig.

## **6. VEDLEGG**

### **Vedlegg 1 Lovgrunnlag**

#### **Kommunelovens § 77.4:**

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommune-styrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

#### **Forskrift om kontrollutvalg §§ 9 – 12:**

Forskriften inneholder både et pålegg om å utføre forvaltningsrevisjon, et krav om at det skal utarbeides en plan for forvaltningsrevisjon, samt krav om rapportering/oppfølging:

##### **§ 9. Forvaltningsrevisjon**

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel. Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.*

##### **§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.*

##### **§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon**

*Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.*

##### **§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter**

*Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal avgi rapport til kommunestyret om hvordan kommunestyrets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.*

## **Forskrift om revisjon**

Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner av 15.06.2004 gir nærmere omtale av hva forvaltningsrevisjon innebærer. I forskriften defineres begrepet forvaltningsrevisjon som følgende:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre **systematiske vurderinger** av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyret og fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om*

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området*
- c) regelverket etterleves*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd*

## Vedlegg 2 Spørjeundersøking



### Sandøy kommune - Spørjeundersøking Plan for forvaltningsrevisjon

Denne spørjeundersøkinga er meint å vere ei av fleire datakjelder for overordna analyse som skal vere grunnlag for Plan for forvaltningsrevisjon i Sandøy kommune.

Spørjeundersøkinga blir retta til ordførar, medlemar i formannskapet, gruppeleiarar i kommunestyret og medlemar i kontrollutvalet. Den blir videre retta til rådmann og leiargruppe i kommunen.

I del 1 blir ein utfordra på å rangere kor viktig forvaltningsrevisjon vil vere i ein skilde tenesteområde og stab/leiing m.v. i kommunen generelt.

Del 2 ber om prioritering av forvaltningsrevisjon innan dei spesifikke fagområda i kommunen fordelt på ulike delområde, og spør om kva fokus ein bør leggje vekt på ved forvaltningsrevisjon innan fagområda.

Del 3 er ein åpen rubrikk der ein kan kome med innspel/forslag, eventuelt peike på dersom det er noko ein ser ikkje har kome med i undersøkinga.

Resultatet av undersøkinga vil bli framstilt i anonymisert form.



#### 1) \* Kva rolle har du i Sandøy kommune?

- Politikar
- Administrativ leiar



#### 2) Kor viktig meiner du det vil vere at det blir sett i gang forvaltningsrevisjon innan følgjande område?

	Svært viktig	lite viktig	Lite Viktig	Ganske viktig	Svært viktig
--	-----------------	----------------	----------------	------------------	-----------------

Rådmannen  
(kommuneiing/sentraladmin)

<input type="radio"/>				
-----------------------	-----------------------	-----------------------	-----------------------	-----------------------

Undervisningstenester

<input type="radio"/>				
-----------------------	-----------------------	-----------------------	-----------------------	-----------------------

Barnehagetenester

<input type="radio"/>				
-----------------------	-----------------------	-----------------------	-----------------------	-----------------------

Sosiale tenester (barnevern, rus)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
NAV	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Helse- og omsorgstenesta	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Psykisk helsearbeid/utviklingshemma	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Brann- og beredskapstenesta	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Tekniske tenester	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kultur (bibliotek, kulturskule idrett mv.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Selskapskontroll (av kommunalt eide selskap)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
					
<b>LEIING, INTERNE OG SEKTOROVERGRIPANDE OMråDER MV.</b>					
<b>3) Kor viktig meiner du det vil vere at det blir sett i verk forvaltningsrevisjon i følgjande områda innan leiing, interne og sektorovergripande områder med vidare?</b>	<b>Svært lite viktig</b>	<b>Lite viktig</b>	<b>Viktig</b>	<b>Ganske viktig</b>	<b>Svært viktig</b>
Helse, miljø og sikkerheit (HMS)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Utbetalinger løn og sjukelønsrefusjon	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kvalitet i saksutgreiingar/oppfølging politiske vedtak	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Innkjøpsordningar/offentlege innkjøp	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Intern styring og kontroll (leiaravtaler, målstyring mv.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
IKT-sikkerheit	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Miljø- og klimatilpasningar i kommunen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Mislegheiter av ulik art	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Oppfølging av kommunale inntekter	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Oppfølging av tenester til sjølvkost (gebyr)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Servicefunksjoner i kommunen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Økonomistyring/prosjektstyring	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lånegjeld/økonomisk bereevne	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Ressurskrevjande tenester	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>



## UNDERVISNINGSTENESTER

**4) Kva område og tema innan undervisningstenester meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Kostnadsdekning SFO
- Kvalitet undervisning
- Tilpassa opplæring/Spesialundervisning
- Vaksenopplæringa
- Skulebygg
- Skolemiljø
- Anna

**5) Ved forvaltningsrevisjon innan dei ulike tenestetilboda innan undervisningstenester, kva meiner du ein bør sjå mest på? (Merk av maksimum 2)**

- Personale
- Kompetanse
- Leiing/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Veit ikkje



## BARNEHAGETENESTER

**6) Kva område og tema innan barnehagetenester meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Finansiering og oppfølging barnehagar
- Barnehagedekning
- Tildeling av barnehageplassar
- Kvalitet barnehagetenester
- Fysisk miljø barnehagar
- Anna

**7) Ved forvaltningsrevisjon innan dei ulike tenestetilboda innan barnehagetenester, kva meiner du ein bør sjå mest på? (Merk av maksimum 2)**

- Personale
  - Kompetanse
  - Leiing/administrasjon
  - Lover og regelverk
  - Organisering
  - Økonomi
  - Veit ikkje
- 
- 

## HELSE- OG OMSORGSTENESTER

**8) Kva område og tema innan Helse og omsorgstenester meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Heimetenester/omsorgsbustadar
- Sjukeheimar
- Handtering vederlag/eigenbetaling
- Legetenester
- Helsestasjon og miljøretta helsevern
- Mattilbod/kjøkken
- Rehabilitering
- Medisinhandtering
- Utskrivingsklare pasientar
- PPT (ped. psykologisk teneste)
- Samhandlingsreforma
- Anna

**9) Ved forvaltningsrevisjon innan dei ulike tenestetilboda i helse og omsorg, kva meiner du ein bør sjå mest på? (Merk av maksimum 2)**

- Personale
- Kompetanse
- Leiing/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi

- Veit ikkje



## SOSIALE TENESTER

**10) Kva område og tema innan sosiale tenester meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Barneverntenesta
- NAV
- Rusarbeid
- Helse- og miljøtenester (primærlegetenesta, helsestasjoner, etc.)
- PPT (Pedagogisk psykologisk teneste)
- Tilpassa arbeid/sysselsetting
- Psykisk helsearbeid
- Samhandlingsreforma
- Anna

**11) Ved forvaltningsrevisjon innan dei ulike tenestilboda i sosiale tenester, kva meiner du ein bør sjå mest på? (Merk av maksimum 2)**

- Personale
- Kompetanse
- Leiing/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Veit ikkje



## KULTUR

**12) Kva område og innan kultur meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Idrett/idrettsanlegg
- Bibliotek
- Kulturminne/kulturvern
- Ungdomssatsing
- Kulturskulen

Anna

---

**13) Ved forvaltningsrevisjon innan dei ulike tenestetilboda i kultur, kva meiner du ein bør sjå mest på? (Merk av maksimum 2)**

- Personale
- Kompetanse
- Leiing/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Veit ikkje



---

## TEKNISKE TENESTER

**14) Kva område innan teknisk meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Arealplanlegging
- Handsaming byggjesaker
- Kart og oppmåling
- Vedlikehald/opparbeiding veinett
- Handsaming vatn
- Handsaming avløp
- Renovasjon
- Drift av eigedomar
- Reinhald
- Vaktmeistertenesta
- Landbruk
- Utgiftsdekning sjølvkost
- Brannvern
- Prosjektstyring byggjeprosjekt

 Anna

---

**15) Ved forvaltningsrevisjon innan teknisk sektor, kva meiner du ein bør sjå mest på? (Merk av maksimum 2)**

- Personale
- Kompetanse

- Leiing/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Veit ikkje



---

## ANDRE KOMMENTARAR

**16) Har du kommentarer/innspel/forslag til tema/problemstillinger for forvaltningsrevisjon i Sandøy kommune?**

---

© Copyright www.questback.com. All Rights Reserved.







KOMREV3 IKS er eit interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgiving. Det blir rapportert til den enkelte kommune sitt kontrollutval og kommunestyre/bystyre.

Hovudkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS  
Postboks 7734 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Hjemmeside: [www.komrev3.com](http://www.komrev3.com)  
Tlf. 70172150 – Fax 70172151 – E-post: [komrev3@komrev3.no](mailto:komrev3@komrev3.no)  
Org.nr. 971562587